




Statens vegvesen



Nøkkeltal 2013

vegvesen.no

Trygt fram saman



Innhald

4 Om Statens vegvesen

6 Økonomi

7 Fakta om veg og trafikk

7 Vegnett i kilometer

9 Bruer – 10 lengste på riks- og fylkesvegnettet

11 Gang- og sykkelvegar i kilometer

12 Tunnelar – 10 lengste på riks- og fylkesvegnettet

13 Tal på køyretøy

14 Framkomst

15 Vegdekke – riksvegnettet

15 Ferjedrift

16 Enterpriseleverandørar

16 Dei største enterpriseleverandørane

17 Fordeling av driftskontraktar

18 Trafikktryggleik

19 Tal på drepne i trafikken

19 Drepne og hardt skadde

20 Trafikktryggleikstiltak gjennomførte i 2013

21 Miljø

22 Bruk av piggfrie dekk

23 Universell utforming

24 Nasjonale turistvegar

26 Strekningar og lengder

27 Publikumskontakt

Om Statens vegvesen

Statens vegvesen er viktig for velferda og utviklinga i Noreg. Gjennom eit nett av vegar for alle trafikantar blir Noreg knytt saman.

Som staten og fylkeskommunane sin fagetat for veg og vegtrafikk speler Statens vegvesen ei viktig rolle i samfunnsutviklinga. Vi planlegg, byggjer, driftar og held ved like gode og sikre trafikk-løysingar, og vi har ansvar for å føre tilsyn med og kontrollere dei som ferdast på vegane.

Vegvesenet er underlagt Samferdsledepartementet når det gjeld det statlege vegnettet og fylkeskommunane når det gjeld det fylkeskommunale vegnettet.

Nasjonal transportplan og Handlingsprogrammet gir grunnlaget for årlege prioriteringar. Saman med statsbudsjettet, bompengar og løyvingar til fylkesvegane, set transportplanen rammene for aktiviteten til Statens vegvesen.

Vi har ei bemanning på 6 752 heile stillingar, fordelt på 7 121 tilsette. 2 686 er kvinner og 4 435 er menn. 15 personar inngår i etatsleiinga, av disse er 5 kvinner og 10 menn. På mange område har vi ein unik fagleg kompetanse. Både styremaktene og bransjeaktørane nyt godt av kunnskapen vår.

Dette er satsingsområda våre:


- Framkomst
- Trafikktryggleik
- Miljø
- Universell utforming

Desse prioriteringane skal medverke til at vi som rådgivar, tilretteleggjar og utøvar også framover skal kunne finne dei beste trafikkfaglege løysingane.

Vi har som mål å vere ein open og brukarvennleg kompetanseetat. Med omtanke for menneske og miljø skal vi arbeide for at trafikantane skal komme trygt og effektivt fram.

Organisasjonskart

Statens vegvesen består av Vegdirektoratet og fem regionar.



Økonomi – regnskap

Millionar kroner

Post	2011	2012	2013	
23	Drift og vedlikehold av riksvegar, trafikant- og kjøretøytilsyn	7550	8297	9185
26	Vegtilsyn		9	10
29	Vederlag for OPS-prosjekt (offentleg-privat-samarbeid)	494	402	434
30	Riksveginvesteringar	5662	5420	9966
31	Rassikring	641	763	916
35	Vegutbygging i Bjørvika	143	330	102
36	E16 over Filefjell	148	226	239
37	E6 vest for Alta	126	362	242
72	Kjøp av riksvegferjetjenester	477	573	555
	Sum statlege midler	15241	16381	21649
	Ekstern finansiering	5082	7656	8126
	Sum riksvegar	20323	24037	29775
	Midler fra fylkeskommunar	11472	11889	13604
	Ekstern finansiering av fylkesvegar ¹	3802	3780	4552
	Totalt	35597	39706	47931

1 - Ekstern finansiering er forbrukte midler og inkluderer bompenger, forskot og tilskot

Fakta om veg og trafikk

Vegnett i kilometer per 31. desember 2013

Fylke/ region	Riksvegar	Fylkes- vegar	Kommunale vegar	Sum
Østfold	271	1 673	1 784	3 728
Akershus	407	1 816	2 503	4 726
Oslo	175	0	1 137	1 312
Hedmark	701	3 844	2 052	6 597
Oppland	727	3 009	1 888	5 624
Sum Region aust	2 280	10 342	9 365	21 987
Buskerud	585	1 787	1 751	4 123
Vestfold	151	1 210	1 344	2 705
Telemark	455	1 874	1 802	4 132
Aust-Agder	435	1 521	1 029	2 985
Vest-Agder	231	2 067	1 689	3 987
Sum Region sør	1 858	8 459	7 616	17 933
Rogaland	520	2 481	3 215	6 216
Hordaland	743	2 895	3 116	6 755
Sogn og Fjordane	690	2 610	2 032	5 332
Sum Region vest	1 953	7 987	8 363	18 303
Møre og Romsdal	520	3 099	2 885	6 504
Sør-Trøndelag	384	2 940	1 935	5 259
Nord-Trøndelag	351	3 005	1 976	5 332
Sum Region midt	1 255	9 045	6 796	17 095
Nordland	1 223	4 113	3 562	8 897
Troms	599	2 904	1 891	5 395
Finnmark	1 279	1 484	1 442	4 205
Sum Region nord	3 101	8 501	6 896	18 497
Sum heile landet	10 446	44 333	39 036	93 815

Fakta om veg og trafikk



Hardangerbrua Foto: Knut Opeide

Fakta om veg og trafikk

Bruer - 10 lengste på riks og fylkesvegnettet

Bru	Veg	Fylke	Type	Opna år	Lengd
Drammensbrua, nordgåande	E18	Buskerud	Kassebru	1975	1 892 m
Drammensbrua, sørgåande	E18	Buskerud	Kassebru	2006	1 842 m
Nordhordlandsbrua	E39	Hordaland	Flytebru/ skråstagbru	1994	1 610 m
Sandesundbrua, nordgåande	E6	Østfold	Fritt fram- bygg bru	1978	1 528 m
Sandesundbrua, sørgåande	E6	Østfold	Fritt fram- bygg bru	2008	1 521 m
Mjøsbrua	E6	Hedmark og Oppland	Kassebru	1985	1 421 m
Hardangerbrua	Rv. 13	Hordaland	Hengebru	2013	1 380 m
Gjemnessundbrua	E39	Møre og Romsdal	Hengebru	1991	1 257 m
Sotrabrua	Rv. 555	Hordaland	Hengebru	1971	1 236 m
Måløybrua	Rv. 15	Sogn og Fjordane	Fritt fram- bygg bru	1973	1 224 m

Fakta om veg og trafikk



Foto: Knut Opeide

Fakta om veg og trafikk

Gang- og sykkelvegar i kilometer per 31. desember 2013

Fylke/ region	Statlege	Fylkes- kommunale	Kommunale *	Sum
Østfold	40	138	271	449
Akershus	68	226	657	951
Oslo	69	0	1 045	1 114
Hedmark	74	80	329	483
Oppland	90	102	291	483
Region øst	341	546	2 593	3 480
Buskerud	99	102	399	600
Vestfold	9	119	320	448
Telemark	49	71	183	303
Aust-Agder	47	47	119	213
Vest-Agder	51	104	196	351
Region sør	256	442	1 217	1 915
Rogaland	128	184	732	1 043
Hordaland	144	202	494	840
Sogn og Fjordane	57	32	113	202
Region vest	329	417	1 339	2 084
Møre og Romsdal	95	157	462	714
Sør-Trøndelag	54	180	435	670
Nord-Trøndelag	43	121	196	360
Region midt	192	458	1 093	1 743
Nordland	105	95	180	380
Troms	54	87	96	237
Finnmark	59	7	107	173
Region nord	218	189	383	790
Sum heile landet	1 336	2 052	6 625	10 013

* Visar berre tall for 2012. Kilde: KOSTRA, per februar 2014

Fakta om veg og trafikk

Tunnelar - 10 lengste på riks og fylkesvegnettet

Tunnel	Veg	Fylke	Tal på løp	Opna år	Lengd
Lærdalstunnelen	E16	Sogn og Fjordane	1	2000	24 509 m
Gudvangtunnelen	E16	Sogn og Fjordane	1	1991	11 428 m
Folgefonnntunnelen	Fv. 551	Hordaland	1	2001	11 137 m
Jondalstunnelen	Fv. 107	Hordaland	1	2012	10 114 m
Karmøy tunnelen	Fv. 47	Rogaland	1 (undersjøisk)	2013	8 950 m
Korgfjell tunnelen	E6	Nordland	1	2005	8 533 m
Steigentunnelen	Fv. 835	Nordland	1	1990	8 092 m
Bømlafjordtunnelen	E39	Hordaland	1 (undersjøisk)	2000	7 888 m
Eiksundtunnelen	Fv. 653	Møre og Romsdal	1 (undersjøisk)	2008	7 854 m
Svartistunnelen	Fv. 17	Nordland	1	1986	7 624 m

Fakta om veg og trafikk

Tal på kjøretøy i Noreg

Bilgruppe	2010	2011	2012	2013
Personbil	2 308 548	2 376 426	2 442 964	2 500 265
Buss	20 348	19 240	18 220	17 584
Kombibil	48 432	43 371	38 709	34 232
Varebil	397 279	410 730	424 634	434 636
Lastebil	73 108	71 788	71 091	70 305
Trekkbil	7 543	7 697	8 094	8 475
Beltebil	679	675	672	647
Sum	2 855 937	2 929 927	3 004 384	3 066 154



Foto: Knut Opeide

Framkomst

Det overordna målet for transportpolitikken til regjeringa er å tilby eit effektivt, sikkert, tilgjengeleg og miljøvennleg transport-system som dekkjer behova samfunnet har for transport, og som fremjar regional utvikling.

Statens vegvesen arbeider med å planleggje og byggje gode veg- og kollektiv-løysingar og halde ved like og forvalte eksisterande vegar. Det er eit mål å fjerne flaskehalsar i vegnettet som påfører næringslivet og samfunnet meirkostnader.

Vegvesenet er byggherre for plan- og byggjeprojekt på riksvegnettet og for dei fleste vegprosjekt på fylkesvegnettet.

Vegvesenet utarbeider standardar og krav til drift og vedlikehald, mens entreprenørar står for gjennomføringa.

Riksvegar opna for trafikk i 2013

10,6 km firefelts riksveg (inkl. 3,2 km ombyggjing av tidlegare firefelts veg) vart opna for trafikk.

Gående og syklende

41,5 km veg er tilrettelagd for gåande og syklende langs riksvegnettet i 2013.

Vegdekke (riksveg)

Region	Km veg dekkelagt i 2013	Km g/s-vegar dekkelagt i 2013
Aust	425	26
Sør	229	12
Vest	131	3
Midt	140	0
Nord	264	2
Totalt	1 189	43

Ferjedrift

Talet på riksvegferjesamband per 31. desember 2013:	16
Talet på køretøy frakta med norske riksvegferjer i 2013:	9 429 000
Talet på passasjerar (inkl. førarar) frakta med norske riksvegferjer i 2013:	19 608 000



Foto: Knut Opeide

Enterpriseleverandører

Dei største entrepriselieferandørane til Statens vegvesen i 2013

Leverandør	Mill. kr	Leverandør	Mill. kr
Mesta AS	2 635	Joint Venture Bilfinger-Tresfjordbride ANS	236
AF Gruppen Norge AS	1 553	Peab Asfalt Norge AS	187
Veidekke Entreprenør AS	1 506	Vassbakk & Stol AS	183
Veidekke Industri AS	1 457	CJV Bilfinger M3 Vågstrandtunnelen DA	164
Hæhre Entreprenør AS	1 340	Leonhard Nilsen & Sønner AS	163
NCC Construction AS	1 245	BMO Entreprenør AS	161
Skanska Norge AS	1 004	E Pihl & Sønn AS	159
Implenia AS	845	Maskintr. Kåre Isaksen AS	149
NCC Roads AS	798	AF NCC - Repstad Anlegg AS	136
Lemminkäinen Norge AS	724	Gjermundshaug Anlegg AS	135
JV Veidekke Hochtief ANS	437	Park og Anlegg AS - Hafslundøy	132
Risa AS	436	MT Højgaard AS	124
E. Opedal & Sønner AS	347	Alpine Bau GMBH	121
Reinertsen AS	331	Consolvo AS	121
Kruse Smith Entreprenør AS	311	Marti Iav Solbakk DA	118
Peab Sverige AB	287	Johs J Syltern AS	116
Skanska Asfalt AS	238	Isachsen Entreprenør AS	115
		Stangeland Maskin AS	102

Oversikta inneheld entreprisedrift, investering og drift og vedlikehald på riks- og fylkesvegar i millionar kroner.

Fordeling av driftskontraktar i 2013

Entreprenør (enkeltvis)	Antall kontraktar per 1. september	Antall kontraktar som gjekk ut 31. august	Prosentdel kontraktar etter 1. september
Mesta Drift AS	46	9	46
Veidekke Industri	15	2	15
Veidekke Entreprenør AS	2	1	2
NCC Construction AS	1	0	1
NCC Roads AS	10	3	10
Risa AS	5	2	5
ISS Facility Services	2	0	2
Lemminkäinen Norge AS	4	0	4
Bergquist Maskin og Transport AS	1	0	1
E. Opedal & Sønner AS	6	0	6
OneCo Veidrift AS	2	0	2
Oslo Vei AS	0	1	0
AF Vestfold Veg	1	0	1
Svevia Norge AS	4	0	4
Dozerdrift AS & Nørstebø og sønn	0	1	0
Nordsalten Vegdrift AF	0	1	0
PEAB Norge AS	1	0	1
Totalt	100	20	100

Trafikktryggleik

Vegtrafikken har dei siste fem åra kravd i gjennomsnitt 184 menneskeliv i året.

I 2013 var talet 187 drepne. Rundt 10 000 personar er rapportert drepne eller skadde kvart år. Etter 1970 har talet på trafikkdrepne gått ned med vel 75 prosent, trass i at trafikken på vegnettet er meir enn tredobla. Dette hadde ikkje vore mogleg utan stor innsats på mange område.

Dei tiltaka som har gitt størst effekt, er trafikktryggleiksretta investeringstiltak som for eksempel utbetring av trafikk-farlege punkt og strekningar på vegnettet og trafikant- og køyretøyretta tiltak. Det siste er først og fremst tiltak for å auke bruken av bilbelte og tiltak for å gjere køyretøyparken sikrare.


Andre effektive tiltak er politiet sin innsats og dessutan bruken av fotoboksar for å halde fartsnivået nede.

Risiko – skadetal og trafikkarbeid

Sidan 1970 er risikoen for å bli drepn i vegtrafikken redusert med 90 prosent. Vegtrafikken har i den same perioden blitt tredobla.


I 2013 omkom 187 personar i vegtrafikkulykker, mens talet i 2012 var 145.

Tal på drepne i trafikken



Drepne og hardt skadde

per million kjørdte kilometer i Noreg. Tabellen visar tal til og med 2012.



Trafikktryggleik

Trafikktryggleikstiltak gjennomførte i 2013

Kilometer rekkverk som er bygde på to- og trefelts vegar	21,2
Kilometer merkt sperreområde/ midtmarkering	149,3

Køyretøykontrollar

Køyre- og kviletid på veg	116 066
Køyre- og kviletid i bedrift	250 217
Tungtransportkontrollar	69 824
Bilbeltekontrollar	1 015 850

Tryggleikstilstand for trafikant og køyretøy	2011	2012	2013
Bruk av bilbelte i tettbygd strøk	92,7 %	93,1 %	94,4 %
Bruk av bilbelte utanfor tettbygd strøk	94,8 %	94,3 %	95,6 %
Overheld køyre- og kviltetida - døgnkvil	68 %	65 %	68 %
Overheld køyre- og kviletida - lengste daglege køyretid	73 %	73 %	79 %
Tunge køyretøy med godkjende bremsar	80 %	77,1 %	72,5 %

Miljø

Statens vegvesen har eit sjølvstendig ansvar for miljøet ved planlegging, bygging og drift av Europa- og riksvegar. Vi arbeider med utgangspunkt i ein miljøvisjon som seier at transport ikkje skal gi alvorleg skade på menneske eller miljø.

Det inneber at

- ingen menneske skal bli alvorleg sjuke eller få vesentleg redusert livskvalitet
- det biologiske mangfaldet ikkje skal reduserast eller skadast vesentleg
- ingen viktige funksjonar eller område i naturen skal skadast vesentleg
- ingen viktige kulturminne eller kulturmiljø skal skadast eller bli øydelagde

Saltforureining

Forbruket av salt i 2012/2013-sesongen var på 214 000 tonn. Dette er ein auke på 9 tonn samanlikna med 2011/2012-sesongen.

Biologisk mangfald og dyrka jord

29 konfliktpunkt mellom veg og biologisk mangfald blei utbetra i 2013. 224 dekar dyrka jord blei omdisponerte til vegformål.

Klimagassutslepp frå nye biler

Gjennomsnittet av utslepp av klimagasser frå nye biler vart redusert frå 130 g/km i 2012 til 123 g/km i 2013, ei nedgang på 7 g/km. Siden 2006 er nedgangen på 54 g/km. Salet av nullutslepps-biler utgjorde 5,6% i 2013, det auka frå 2,9% i 2012.

Luftkvalitet

Det er framleis problem med å overhalde krava som forureiningsforskrifta set til luftkvalitet i Oslo, Bergen, Drammen og Stavanger i 2013. Det kan vere store vêravhengige variasjonar i nitrogendioksidkonsentrasjonane, men utsleppet er direkte avhengig av kor stor trafikken er, og kor stor del av køyretøya som har dieselmotorar. Støvkonsentrasjonane er avhengige av vêret, talet på bilar, hastigheit og kor mange som køyrer med piggdekk. I dei største byane blir det sett i verk tiltak for å redusere støvkonsentrasjonane, mellom anna auka vegreinhold, nedsett hastigheit og piggdekkgebyr (Oslo og Bergen).

Sjå meir informasjon om utviklinga i bruk av piggfrie dekk i tabellen på neste side.

Bruk av piggfrie dekk

By	Snitt 2010–2012	2013**
Bergen*	83 %	85 %
Drammen	77 %	81 %
Fredrikstad og Sarpsborg	74 %	79 %
Skien og Porsgrunn	55 %	63 %
Hamar	59 %	49 %
Kristiansand	70 %	60 %
Lillehammer	45 %	47 %
Asker og Bærum	84 %	82 %
Oslo*	85 %	86 %
Stavanger og Sandnes	72 %	75 %
Tromsø	13 %	14 %
Trondheim	71 %	65 %
Ålesund	39 %	49 %

*Det er innført piggdekkgebyr

** Talet har ein sikkerheit på ca. 3 prosentpoeng



Foto: Knut Opeide

Universell utforming

Statens vegvesen arbeider systematisk for å auke kvaliteten på veganlegga, slik at flest mogleg kan bruke dei. I tillegg til oppgradering av haldeplassar og knutepunkt, er byggjing av anlegg for gåande og syklande og sikring av kryssingsstader for gåande, eksempler på tiltak som gjer veganlegg attraktive og tilgjengelege for fleire.

Universell utforming er derfor med som eit viktig satsingsområde i planar og pågåande arbeid i Statens vegvesen. Vi arbeider kontinuerleg for å få fram ny kunnskap innan området, og har fagleg samarbeid med dei andre transportetatane, fylkeskommunar, kommunar, brukarorganisasjonar og andre statlege etater i arbeidet.

Antal kollektivknutepunkt universelt utforma i 2013:	9
Antal haldeplasser universelt utforma i 2013:	135
Antal ferjer i riksvegferjedrifta tilgjengelege for alle:	36



Foto: Knut Opeide

Nasjonale turistvegar

Statens vegvesen utviklar turistattraksjonen Nasjonale turistvegar, ei satsing som omfattar 18 utvalde strekningar frå Varanger i nord til Jæren i sør. I 2013 blei alle strekningane gjennomgått på nytt og strekningslengder justert i tillegg til at utvalde sidevegar fekk status som Nasjonale turistvegar. Samla lengde Nasjonal turistveg er etter dette 2059 km.

Spektakulær arkitektur i storslått natur er attraksjonen sitt særpreg. Ved utgangen av 2013 var 128 av 245 planlagte tiltak gjennomført. Målet er fullgod turistvegstandard på alle strekningane innan 2023.

Fem tiltak langs dei nasjonale turistvegane Rondane, Ryfylke, Hardanger, Andøya og Senja blei fullført i 2013. Gjennomføringa av dei store attraksjonane Steinsdalsfossen i Hardanger og Eldhusøya langs Nasjonal turistveg Atlanterhavsvegen starta opp i 2013. I tillegg blei arbeidet med Sognefjellshytta og attraksjonen Almanajuvet i Ryfylke vidareført. Mange av desse tiltaka er spleiselag med midlar frå fylkeskommunar, kommunar og næringsaktørar.

Rasteplassen Selvika fekk i 2013 Norsk betongforening sin pris, «Betongtavlen», mens Trollstigen blei tildelt Norsk Stålkonstruksjonspris og European Steel Design Awards. Steilneset minnestad langs Nasjonal turistveg Varanger fekk nordnorsk arkitekturpris. Anlegga konkurrerte også om Statens byggeskikkpris og European Union Prize for Contemporary Architecture.

Nasjonale turistvegar



Trollstigen Foto: Jiri Havran

Nasjonale turistvegar

Nasjonale turistvegar – strekningar og lengder

Namn	Nasjonal turistveg	Lengde (km)
Rondane	Venabygdsfjellet – Enden – Folldal Sollia kirke – Enden	75
Valdresflye	Garli – Hindsæter med avstikkar til Gjende	49
Jæren	Ogna – Bore	41
Ryfylke	Oanes – Sauda – Hordalia	183
Hardanger	Granvin – Steinsdalsfossen Norheimsund – Tørvikbygd Jondal – Utne Kinsarvik – Låtefoss	158
Hardangervidda	Eidfjord – Haugastøl	67
Aurlandsfjellet	Aurlandsvangen – Lærdalsøyri	47
Sognefjellet	Lom – Gaupne	108
Gaularfjellet	Balestrand – Eldalsosen – Moskog Eldalsosen – Sande	114
Gamle Strynefjellsvegen	Grotli – Videseter	27
Atlanterhavsvegen	Kårvåg – Bud	36
Geiranger - Trollstigen	Langevatn – Sogge bru	104
Helgelandskysten	Holm – Godøystraumen med avstikkar til Torghatten	433
Lofoten	Å – Raftsundet med avstikkarar til Nusfjord, Vikten, Utakleiv, Unstad, Eggum og Henningsvær	230
Andøya	Bjørnskinns – Andenes	58
Senja	Gryllefjord – Botnhamn med avstikkar til Mefjordvær og Husøya	102
Havøysund	Kokelv – Havøysund	67
Varanger	Varangerbotn – Hamningberg	160
Sum		2059

Publikumskontakt i Statens vegvesen 2013

	Dagleg	Årleg
Teoriprøvar	ca. 840	ca. 185 000
Praktiske førarprøvar	ca. 600	ca. 135 000
Førarkort	ca. 1 700	ca. 365 000
Køyretøyregistreringar	ca. 4 300	ca. 950 000
Besøk på vegvesen.no	ca. 50 000	ca. 18,2 millionar
Telefonførespurnadar frå publikum	ca. 7500	ca. 1,9 millionar

Trygt fram saman



Statens vegvesen
Vegdirektoratet
tlf. 02030
vegvesen.no